

**VEDTEKTER FOR STIFTINGA HAVRÅTUNET, ETTER AT VEDTAK OM FREDING LIGG FØRE.** Vedtekter vedtekne 01.03.1973 reviderte 07.12.1983, og 5.12.00.

**Etablering**

1. Stiftinga Havråtunet vart stifta 01.03.1973 som eit museum. Grunnkapitalen til stiftinga er kr. 50.000. Grunnkapitalen skal vera urørleg.

**Føremål**

2. Stiftinga har som føremål å ta vare på heile garden Havrå og skal arbeida for å setja i stand/restaurera og halda ved like bygningar og kulturlandskap, slik at garden Havrå også i framtida vert ein heilskap. Dette omfattar innmark og utmark med alle faste kulturminne, også dei biologiske kulturminna.

Stiftinga skal arbeida for at kunnskapen om gardsdrift, slik det vart drive på Havrå tidlegare, vert halden levande og tilgjengeleg gjennom kontinuerleg drift. Gjennom drifta skal ein ta vare på det biologiske mangfaldet på garden.

Stiftinga skal syta for opplæring av nye tradisjonsberarar som skal læra og registrera tradisjonelt gardsarbeid med alle onner, husdyrstell m.m. gjennom praktisk gardsarbeid. Dette omfattar opplæring i bruk av tradisjonell reiskap.

Stiftinga skal leggja tilrette for formidling og forskning til skular, forskingsmiljø og eit generelt interessert publikum.

3. Havrå er i hovudsak i privat eige, og stiftinga skal sjå til at tilsette og besøkjande som kjem til Havrå i stiftinga sin regi, tek omsyn til dette og til heimefreden på garden.

Stiftinga skal vera ein bindelekk mellom eigarane og Hordaland fylkeskommune med omsyn til fredinga av garden. Stiftinga skal såleis sjå til at dei til ei kvar tid gjeldande avtalar om vern av garden vert haldne. Spørsmål om nye omskipingar, restaurering eller store vølingar kan eigarane og stiftinga ta standpunkt til før dei vert lagt fram for fylkeskonservator.

**Organisering**

4. Stiftinga har eit fagleg og administrativt samarbeid med Osterøy museum med felles personale, regulert med ein særskilt avtale mellom Stiftinga Havråtunet og Osterøy museum. Stiftinga Havråtunet og Osterøy museum skal ha ein representant i kvarandre sitt styre. Økonomikontoret i Osterøy kommune er rekneskapsfører, og Distriktsrevisjonen i Nordhordland skal ha rekneskapssettersynet.

**5. Styret**

Stiftinga skal ha eit styre på 7 medlemmer med personlege varamedlem:

2 oppnemnde av eigarane på Havrå

1 oppnemnd av Stiftinga Osterøy museum

1 oppnemnd av Fortidsminneforeningen, Bergen

1 oppnemnd av Osterøy kommune

1 oppnemnd av Hordaland fylkeskommune

1 vald av og mellom dei tilsette ved Stiftinga Osterøy museum/Stiftinga Havråtunet

Dei offentleg oppnemnde styremedlemmene med personlege varamedlem følgjer valbolken; dei andre vert oppnemnde for to år.

Eigarrepresentantane i styret skal veljast av grunneigarane og mellom grunneigarane på serskilt grunneigarmøte der alle grunneigarane har fått innkalling med 14 dagars varsel. Valet skal haldast annakvart år seinast 14 dagar før årsmøte i stiftinga.

STIFTELSEREGISTERET	
SAKS NR. 08/01916	DOK NR. 1198
-7 JAN 2009	
ORG NR. 975 777 928	BGV

Dei tilsette vel sine styremedlemmer på møte der alle tilsette er tilstades, annakvart år, seinast 14 dagar før årsmøte i stiftinga.

Styret vel innbyrdes styreformann og nestformann for eitt år. Osterøy museum er stiftinga sitt sekretariat, og styrar er dagleg leiar for stiftinga. Dagleg leiar førebur saker, gjev innstillingar og har møte- og talerett på styremøta.

Fylkeskonservatoren i Hordaland og gardsstyrar har møte-, forslags- og talerett på styremøta.

6. Styreformannen kallar saman til styremøte med eit varsel på 14 dagar og seinast 1 veke. Varamedlemmer kan innkallast til møte, men har berre røysterett når vedkomande styremedlem ikkje er tilstades. Det skal førast protokoll over dei saker som styret handsamar. Styret er vedtaksført når minst 4 av medlemene er til stades. Når utfallet er likt, avgjer formannen utfallet.

Eitt av møta kvart år skal haldast før 1. april. På dette møtet (årsmøtet) skal årsmelding, rekneskap og om mogeleg budsjettframlegg for neste år handsamast, og det skal haldast val. Innkalling til årsmøte skal vera styremedlemene i hende 14 dagar føreåt.

#### Styret sitt arbeid

7. Styret er ansvarleg for at stiftinga vert drive etter gjeldande lover og føreskrifter og i pakt med fredingsføresegnene. Styret skal vedta arbeidsplanar og budsjett. Styret er ansvarleg for at stiftinga utarbeider årsmelding og årsrekneskap, og at desse vert sendt til dei instansane som nemner opp styremedlemmene til orientering. Styret skal vidare sjå til at museet Havrå så langt råd er vert drive etter dei reglar og pålegg som står i det årlege tildelingsbrevet frå Det kongelege Kulturdepartement.

Osterøy museum har arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette. For stillingar som berre er knytt til Havrå, skal styret i stiftinga innstilla og tilrå tilsetjing av folk i faste eller mellombels stillingar, i samsvar med gjeldande reglar og avtalar, før godkjemning av styret i Osterøy museum. Unnateke er innleigd sesongarbeidarar. Gjeld det stillingar som er delt mellom Osterøy museum og Havrå, skal prosedyren som er fastsett i avtale mellom dei gjelda.

Styret har fullmakt utetter til å kjøpa eller selja fast eigedom eller lausøyra som tilhøyrrer stiftinga, og til å ta opp pantelån eller andre lån om det skulle vera turvande. Slike vedtak kan berre gjerast med 2/3 fleirtal. Bindande underskrift vert gjeve av styreformannen saman med to andre styremedlemmer.

#### Arbeidsutval

8. Styret kan oppnemnda arbeidsutval for å førebu styremøta eller i samband med særskilde saker. Det skal førast protokoll over dei sakene arbeidsutvalet handsamar. Protokollen skal sendast styret og vera grunnlaget for styret si godkjenning.

#### Vedtektsendring

9. Desse vedtektene kan endrast etter avgjerd i fulltalig styremøte der minst 5 av dei 7 medlemmene i styret røystar for endring. Framlegg om vedtektsendring skal sendast styremedlemmene minst 14 dagar før styremøtet der framlegget skal handsamast. Vedtektene og eventuelle endringar av desse skal godkjennast av Hordaland fylkeskommune.

#### Opplysning

10. Eventuell oppløysing av stiftinga skal handsamast som endringsframlegg. Ved oppløysing har Osterøy museum rett til å ta over alle rettar og skyldnader.

*Karinne Myrland*  
*Elsa S. Bunkeland*  
*Sveinung Tjell*  
*Jon Arne*  
*Arne*  
*Arne*  
*Arne*